



REFERAT

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Torsdag 29. februar 2024

Tidspunkt: kl. 13.00 – 15.00

Styremedlemmer som møtte:

George Fulford, Anne Holstad, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Mathias B. Gjerde, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Forfall: Mathias B. Gjerde

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud

Sakliste – vedtakssaker:

Sak S7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak S8/24 Godkjenning av referat

Sak S9/24 Status rekneskap 2023 og framdrift

Sakliste – orienteringssaker:

Sak S10/24 Status organisasjon

Sak S11/24 Orientering i kontrollutvalet i Ulstein

Sak S12/24 Klimasats-søknad

Sak S13/24 Kundeundersøking

Vedtakssaker:

SAK NR S7/24

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende innkallinga og saklista

Sak S8/24

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret vedtek referatet frå styremøtet 2/2 2024.

Vedtak: Referatet frå styremøtet 2/2 2024 blei godkjent. Referatet blir sendt ut for elektronisk signering.

SAK NR S9/24

Status rekneskap 2023 og framdrift

BDO starta revisjonen i veke 8, og held fram i veke 9. I den førebelse rekneskapen (sjå vedlegg, unntatt offentlegheit, jamfør offentleglova §14 første ledd), ligg det an til at avviket opp mot budsjett er altså redusert til -706.000. Næring er 1.663.000 betre enn budsjett.

Forbetringa på over ein halv million på hushald sidan den førebelse rekneskapen som blei lagt fram på januarmøtet, er spesifisert i eige vedlegg. Det er framleis usikkerheit rundt forsikringssummen for siste tertial, truleg blir den høgare enn dei avsette 133.000 (100.000 på hushald, 33.000 på næring). Selskapet har etterspurt frå KLP mange gonger, men dei klarer ikkje å lande på den siste fakturaen, pga omlegging av faktureringsrutinar. Truleg blir summen litt høgare enn avsett.

Tilråding til vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tek rekneskapen til etterretning. Styret får eit revidert rekneskap tilsendt før påske.

Orienteringssaker

SAK NR 10/24

Status organisasjon.

Dagleg leiar orienterte om framdrifta. Styret fekk helse på ny kommunikasjonsansvarleg Nina Sævik.

SAK NR 11/24

Orientering i kontrollutvalet i Ulstein

Onsdag 6. mars skal dagleg leiar halde ei orientering om SSR IKS i kontrollutvalet i Ulstein. Det er varsla spørsmål rundt sjukefråvers-statistikken for 2022 og sjølvkostfond, men først og fremst ønske om ei generell orientering.

SAK NR 12/24

Klimasats-søknad

SSR IKS står som samarbeidspartnar på ein søknad om Klimasats-midlar saman med dei andre renovasjonsselskapa i kommunen. Det blir søkt om pengar til forprosjekt om forbehandlingsanlegg av matavfall, med tanke på vidare biogassproduksjon. Søknaden kjem frå Ørsta kommune, då dei sit på eitt av dei alternative områda for å plassere eit slik anlegg. Det er berre kommunar, ikkje IKS, som kan søke direkte på desse midlane.

SAK NR 13/24

Kundeundersøking

I veke 8 kom resultata frå årets kundeundersøking. Dagleg leiar la fram dei viktigaste funna på møtet og ettersende rapporten i sin heilskap til styret. Rapporten vil vere viktig å ta med seg i det vidare strategiarbeidet.

Oppsummert viser resultatet den beste skåren vi nokon gong har fått, opp to poeng frå i fjor. Dei siste åra har vi klatra i positiv retning med eitt poeng per år.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, dato _____

George Fulford
styreleiar

Camilla Storøy
nestleiar

Margareth Leinebø

Anne Holstad

Mathias B. Gjerde

Kjartan Grimstad

Bjarte Uglum

Andrea Øien Sæverud
dagleg leiar